

Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

(a) «Alternative forslag

1. Vestland fylkeskommune ser at det er en underfinansiering av kulturbygg og andre arenaer for kultur. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet om å prioriterer mer av midlene innenfor kultur til kulturbygg i de neste årene.
2. Vestland fylkeskommune sender fråsegna underfinansiering av kulturbygg til Kulturdept ved.....»

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

(b) «Endring av fråsegn

Underfinansiering av kulturbygg (første avsnitt)

Vestland fylkeskommune ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir friske midlar samt prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.

Og så siste avsnitt

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg spesielt samt også se på muligheten for å få inn en pott med friske midler i statsbudsjettet til kulturbygg.»

Bjarte Vatnøy (Frp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Administrasjonen får fullmakt til å endre fråsegnet i trå med vedtaket og intensjonen til utvalget.»

Avrøysting

Indrevik sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall mot Indrevik sitt forslag (a) som vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vatnøy sitt forslag fekk 5 røyster (Frp, FNB, Pp, R) og fall.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser at kulturbygg og andre arenaer for kultur er underfinansiert. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet om å prioriterer meir av midlane innanfor kultur til kulturbygg dei neste åra.
2. Vestland fylkeskommune sender fråsegna underfinansiering av kulturbygg til Kulturdepartementet ved kulturminister Abid Q. Raja og medlemene i familie- og kulturkomiteen på Stortinget med slike endringar:

Første avsnitt:

Vestland fylkeskommune ser med uro på underfinansieringa av kulturarenaer, og verknadene dette har for kulturlivet over heile landet. Vi ber Kulturdepartementet ved kultur- og likestillingsminister Abid Q. Raja om å prioritere meir friske midlar samt prioritere meir av spelemidlane til kulturbygg i åra framover.

Siste avsnitt:

Vestland fylkeskommune ser det som ei viktig nasjonal kulturpolitisk oppgåve å vere med å finansiere arenaer for kultur. Vi ber kulturministeren om å endre på innrettinga og nøkkelen for fordeling av spelemidlar til kulturformål og til kulturbygg

spesielt samt sjå på moglegheita for å få inn ei pott med friske midlar i statsbudsjettet til kulturbygg.